



Wenche Pettersen  
Vestbygdvegen 346  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2577 - 18/24518

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
22.11.2018

## Løyve til jordpåfylling og planering av jordbruksareal på Gbnr, 12/2 og 3 Nedre Tveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 311/2018**

### Saksutgreiing:

Wenche Pettersen søker i epostar dagsett 04.11.2018 og 12.11.2018 om løyve til jordpåfylling og planering av 5 områder på Gbnr. 12/2 og 3 på Nedre Tveit. Arealane består i hovudsak av fulldyrka jord og noko innmarksbeite. Det dyrka arealet er slåtteareal og har tidlegare gjeve gode avlingar og er såleis eit viktig grunnlag for gardsdrifta.

Det er myrjord som er jordtypen på desse areala. Myrjord er den vanlegaste jordarten her i regionen. Myrjorda har eit naturleg høgt jordsvinn som følgje av naturlege prosesser, men det inneber at jordlaget vert gradvis tynnare. Dette gjer maskinell hausting vanskeleg da jordene vert meir kuperte, drenering blir dårlegare og areala dårlegare arrondert. Søklar ynskjer å oppretthalde kvaliteten på slåtteareala og betre beitet ved å fylla på jord.

Det er ulikt omfang på dei forskjellige områda, då det er ulik trong for påfylling på areala. Det er felles for alle områda at dei er små, har lav påfyllingshøgde og treng mindre mengde massar.

Oversikt over omsøkte areal:

<u>Område:</u>	<u>Vist på kartnr:</u>	<u>Storleik (daa):</u>	<u>Volum (m<sup>3</sup>):</u>	<u>Påfyllingshøgde (m):</u>	<u>Arealtype (AR5):</u>
1	1	1,3	Ca. 500	0-0,5	Fulldyrka jord
1	2	1,8	Ca. 875-1000	0-1	Fulldyrka jord
2	2	0,3	Ca. 150-200	0-1	Fulldyrka jord
1 og 2	3	4,8	Ca. 550-600	0-0,4	Fulldyrka jord og innmarksbeite

Administrasjonen har vurdert tiltaket som søknadspliktig etter ureiningsforskrifta Kap.4, §§ 4-1 ,4-2 og 4-4 .

### Vurdering:

Jordsvinn av myrjord gjer at det er vanskeleg å oppretthalde kvaliteten på dyrka mark. Det er ein utfordring for bønder å hauste maskinelt på ein rasjonell og økonomisk måte etter kvart som areal blir meir og meir vanskeleg å drive. Vidare gjer jordsvinnet dårlegare arrondering/profilering og vanskelege dreneringstilhøve. Ein ser i dag at drenering etter kvart slutter å fungere då jordsvinnet fører til at utløp blir liggande høgare i terrenget. Desse forholda kombinert med aukande nedbør, og lange periodar med mykje nedbør gjer at bøndene har utfordringar med å oppretthalde fôrproduksjon og kvaliteten på areala dei driv. Påfylling og planering av jord kan motverke dei ulempene jordsvinnet fører med seg ved at man oppretthalde jordlaget, får ein god drenering og arrondering av jorda.

Administrasjonen har vurdert at tiltaket ikkje er strid med LNF-føremålet, då bruken av areal vil vere jordbruksproduksjon etter gjennomføring av tiltaket. Søkjar opplyser at dei vil nytta noko av steinmassane til å betre vegskuldra på vegen opp til tunet. Her er det problem med at vatn grev i vegskuldra. Dei vil difor steinsette desse slik at dei unngår store skader på vegkroppen. Vidare vil dei på eit område nærmast sauefjøset (område 1 på kart 1) steinsette elvekanten. Her er det problem når det er stor vassføring i bekken. Det er problem med at bekken stig kraftig og grev i kanten av jordet, samt at rør lengre ned ikkje tek unna nok vatn. Dei vil steinsette bekkanten for å sikre at bekken kan stige ved stor vassføring utan at den gjer skade på dyrka mark. Dei skal også utbetre rør under vegen slik at dei skal ta unna meir vatn. Steinsetting av bekkanten vil samstundes sikra at den jorda som skal leggast på ikkje renn ut i bekken. Det vil vere viktig å sikre at ein ikkje før unødig avrenning til bekken undervegs i arbeidet.

Felles for alle områda er at dei har liten utforming og krev lite massar for å kunne gjennomførast. I sum er det om lag 7,2 dekar som vert omfatta. Det er anslått at det skal plasserast om lag 2075-2300 m3 med stein- og jordmassar. Desse kjem frå Statens vegvesen sin utbygging av ny undergang på Holme på Fv. 564. Søkjar opplyser vidare at massane skal skråast frå maks påfyllingshøgde ned mot null for å få ein god profil på areala. Dei planlegg å så til massane og halde disse grønne undervegs i arbeidet slik at ein unngår unødig avrenning frå massane.

### Kulturminner

Søknaden har vore sendt på høyring , søknaden vart sendt til Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Hordaland fylkeskommune utalar at dei dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne av høg regional eller nasjonal verdi som kjem i konflikt med tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under påføring av massar søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Elles gjer dei merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn, men skriv; Det er viktig at bakkemurane i området takast godt vare på, då desse har høg verneverdi gjeldande kulturmiljøet. Det er positivt at søkjar er klar over dette og skriv at murane ikkje skal verte rørt. Ein må og ta omsyn til eksisterande steingard, og verna om denne. Det er elles ikkje kjente friluftsverdiar eller andre kulturminner som vert skadelidande av tiltaket.

Administrasjonen meiner at tiltaket kan gjennomførast utan at det kjem i konflikt med bakkemurane. Søkjar opplyser i søknaden at det er godt kjent med dei, og at dei skal taka omsyn til det. Administrasjonen viser også til at det i kart over omsøkt areal ikkje er teikna inn at det skal fyllast heilt inn til bakkemurane i område 1 på kart 1 og i område 1 og 2 på kart 2. Administrasjonen vil likevel sikra at det vert teke omsyn til kulturminne i alle områder og at det vil stillast vilkår om dette ved eit løyve.

Administrasjonen har vurdert søknaden i medhald av Naturmangfaldslova (NML) §§ 8-12, jf. § 7. Etter ein gjennomgang av artskart, naturbase og kommunen si kjennskap til naturverdiar på Nedre Tveit, er det ikkje registrert viktige naturverdiar i område eller i nærleiken. Administrasjonen meiner det ligg føre nok informasjon om naturverdiar på Nedre Tveit, og at føre-var prinsippet ikkje gjer seg gjeldane, jf. § 9. Tiltaket vil kunne bidra til utbygginga i området, men administrasjonen legg vekt på at planlagd bruk på arealet, er som dagens bruk, jf. § 10. Det har vore landbruksaktivitet på arealet i lang tid. Administrasjonen meiner etter ein samla vurdering, at tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i NML §§ 8-12.

Meland kommune skal leggje ny vass- og kloakkleidning i kanten av eit av dei omsøkte områda (område 1 og 2 på kart 3). Dei skal gå frå Holme, vidare opp til Tveit og til Brakstad. Det må sikrast ved eit løyve at desse ikkje kjem i konflikt med mottak av jord- og steinmassar for jordforbetring. Administrasjonen meiner at det kan gjennomførast påfylling utan å påverke leidningar. Det blir derfor stilt krav om at det ved påfylling og planering på felt 1 og 2 avmerkt på kart 3, ikkje skal fyllast på massar dei siste fem meterane ut mot Fv. 247. Ein unngår da å fylla på massar i traseen for dei nye leidningane.

Fylkesveg 247 har varierende bredde og standard, og er trafikkert mellom anna opp til barnehagen. Administrasjonen ser at mykje ekstra trafikk på vegen er ein uheldig kombinasjon med trafikk til og frå barnehage, til og frå skule og for myke trafikantar. Samstundes er utbygging av ny undergang på Holme eit viktig trafikksikringstiltak i område. Vidare meiner administrasjonen at det miljømessig er viktig å køyre overskotsmassar frå dette prosjektet kortast mogleg til stader der massane kan plasserast permanent. Administrasjonen ser at det potensiale for trafikale ulemper, men legg vekt på at omfanget av massane er lite, og har difor tilsvarende transport behov. Samstundes er det viktig at prosjektet kan gjennomførast på ein effektiv måte med kortast mogleg transport. Administrasjonen vil likevel understreke at transporten skal ta omsyn til dei periodane med mest trafikk morgon og ettermiddag, samt mjuke trafikantar.

Tiltaket kan bli synleg for enkelte naboegdommar i nærleiken. Men administrasjonen vurderer at ulempene for naboane blir låg. Dette med bakgrunn i blant anna storleiken og omfanget av tiltaka. Samstundes som at søkjar har opplyst at massar som vert liggande i ro i hovudsak skal såast til. Dette primært for å redusera avrenning, men det vil samstundes redusera det visuelle inntrykket av tiltaket.

Administrasjonen meiner ein samla vurdering at tiltaket er eit godt og viktig tiltak for å sikra eit godt produksjonsgrunnlag på garden. Ein vil her heva kvaliteten på eksisterande jordbruksareal, og sikre at dette kan haustas rasjonelt med maskiner. Administrasjonen vil likevel leggje vekt på at det er viktig å hindre avrenning frå påfyllingsarealet mot bekken, her må dei tiltak som er skissert i søknad gjennomførast. Vidare er det viktig at ein vurderer nye tiltak dersom det er trong for det. Det må i periodar med stor nedbør ikkje gjerast tiltak som aukar faren for avrenning.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på gnr. 12 bnr. 2 og 3 på Nedre Tveit i Meland kommune. Løyve gjeld berre for omsøkte områder på til saman ca. 7,2 daa avmerka på kart, og tiltaket skal gjennomførast innan 01.01.2021.

Løyve er gjeve på slike vilkår:

- Wenche Pettersen står sjølv ansvarleg for at arbeidet blir utført innfor dei rammer som lovverket sett.
- Det skal berre køyrast på/nyttast reine stein- og jordmassar. Kwart lass skal så langt så råd vere dokumentert.
- Køyting til anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
- Det skal takast omsyn til annan trafikk og mjuke trafikantar i dei mest trafikkerte periodane.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsatt av Landbruks- og mat departementet.
- I område 1 og 2 avmerka på kart nummer 3, skal det ikkje fyllast på massar dei siste fem meterane inn mot Fv. 247 for å unngå konflikt med nye vass- og kloakkleidningar som skal leggest.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning, og i nedbørrike periodar må det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.
- Området skal såast til så snart det er teknisk mogleg og haldast grønt under anleggsperioden.
- Det skal takast omsyn til kulturminne som til dømes bakkemurar, steingardar og liknande.
- Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
- Meland kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning til vassdrag.
- Meland kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.

Bakgrunnen for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i Forskrift om begrensning av forurensning kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt §§ 4-4, 4-5,4-6 og 4-8."

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kartt

**Mottakere:**

Wenche Pettersen

Vestbygdvegen  
346

5918

FREKHAUG